

Styremøte MRSK på fylkeshuset 14.des 2010.

Frammøtte: Solfrid Holm, Arnfinn Ottar Lien, Inger Johanne Tafjord og Magnus Skjerdal.

Sak 1. Sidan sist:

- Representantskapsmøte NSG. Inger Johanne. Mykje rovvilt,rettsak om rovvilt, sekretærene innkalla. Sekretærfungsjonen må kome i ordna former og alle fylkeslag må bli handsama likt av Nortura.
- **Styret vedtok å sende skriv til Nortura om dette med framlegg om at Nortura kan støtte kvart fylkeslag med kr 30.000 til sekretær.**
- Kandidatar til tillitsverv i Nsg: Solfrid Holm og Leif Malones.
- Gravferda til Odd Risan. Inger Johanne var der. Det var godt at ho reiste.
- Nortura hadde sauemøte om økonomi og byggingar til sau. Johs Nedrebø var foredragshaldar. **Me vedtok å invitere han til å prate om same tema på Årsmøtet vårt.**
- Møte om Rovdyr på Lillehammar. Solfrid var der og hadde laga eit godt referat om det som skjedde der. Ca 130 deltakarar. Eit heilt referat frå møtet ligg på www.naturutvikling.no
- Konferanse om flott og alveld på Molde 30.nov. Arnfinn var der og refererte frå konferansen.

Sak 2. Årsmøtet:

Vert på Vestnes Hotell fredag 25-søndag 27.febr 2011.

Program:

Fredag 25.02:

18.00-19.00 Atle Moen: Indeksopplegg

19.00-20.00 Helga Kvamsås: Nytt frå Tine.

Ola Søgnesand: Geit i vekst.

Laurdag 26.02:

09.00-12.00 Årsmøte

12.00-13.00 Lunk

13.00-14.00 Årsmøte

14.00-14.30 Pause

14.30 -16.00 Johs Nedrebø: Økonomi i sau ig byggingar til sau.

16.15-18.00 Rovvilt med evt Heidi Sørensen eller Petter Valbakken. Solfrid spør desse og sjekkar andre.

19.30 Middag og sosialt samvær.

Søndag 27.02: Heimreise.

Fredag 25.02 kl 13.00-17.00 Styremøte.

Årsmeldinga. Dei ulike innslaga i årsmeldinga vart fordelt slik:

- Inger Johanne: Geitedagane + helsing frå leiar.
- Solfrid: Rovdyrarbeid i laget
- Odd Bjarne Bjørdal: Gjetarhund
- Helga Kvamsås.; Nytt frå Tine
- Ola Søgnesand: Geit i Vekst
- Åshild : Organisert Beitebruk og Rovdyrstatistikk
- John Folde Engdal: Rekneskap og budsjett.
- Svein Skjølvold: Valnemda sine framlegg.

På Valg:

Leiar Inger Johanne Tafjord

Styremedl Arnfinn Ottar Lien

Styremedl/sekretær Magnus Skjerdal

1.vara Astrid Dyrkorn Tronstad

2.vara Arnfinn Sandøy

3. Vara Helga Krangenes

Revisorane Håvard Folden og Thor Ringsby.

Vararevisor Magne Dahle

+Ein ny til valnemda.

Sak 3. Rovdyrdemonstrasjon 17.des i Oslo.

Det vert arrangert ein stor demonstrasjon i Oslo mot rovdyrpolitikken til regjeringa. Skal me organisere noko transport.

Sidsel Ramsøy reiser. Solfrid og Arnfinn vurderer å reise.

Me har sendt ut varsel til lokallaga om bussane som bondelaget set opp og gjer ikkje nok omeir enn det.

Sak 4. Eventuelt:

- Alle styremedlemmane må sende reiserekning for 2010. Få med kr 1000 i honorar som styrerepr på rekninga.
- **Sekretærfungsjonen: Styret foreslår for årsmøtet å løyve kr 10.000 av beholdningen til betaling av sekretær for 2010 (og 2009). Styret foreslår vidare for årsmøtet at sekretæren skal ha same godgjerjing som leiaren dvs kr 12000 pr år.**
- Det kjem eit brev til årsmøtet om "tilbakebetaling av startkapital" på kr 4000 x 3 = kr 12000 som gjetarhundlaget meiner fylkeslaget "trekte inn". Dette vert drøfta meir på årsmøtet. Det vert poengtert av styret at M og R Gjetarhundlag får eit årleg tilskot på kr 10.000 av fylkeslaget.
- **Lykleprisen. Magnus foreslo at mrrsg skal foreslå for NSG at Lykleprisen 2011 skal gjevast til Inger Johanne Tafjord. Grunnen er at Inger Johanne i ein "heil mannsalder" har vore ein av dei sterkaste pådrivarane for Geitedagane, som omtrent kvart år sidan 1980 har vore arrangert. Geitedagane har ein stor betydning for miljøet i geitehaldet både fagleg og sosialt. Inger Johanne har vore med i arrkomiteen dei aller fleste gongene og ofte som leiar i komiteen. Ho var leiar for arrangementet Nordiske Geitedagar på Flåm i 1992?. Ho har elles vore med i styret i Nsg i 7 år og styret for Tine Vest i 6 år.**

Styret slutta seg til framlegget og vedtok å foreslå Inger Johanne som kandidat til Lykleprisen 2010 (evt 2011). Magnus lagar eit skriv og sender til Nsg

- **Radiobjøller. Fylket har kr 67000 som dei vil subsidiere radiobjøller med. Styret peikar ut Arnfinn Ottar til å lage eit opplegg for omsetning av slike bjøller i samarbeid med Åshild Melkeråen.**